



Notat

Dato: 09.09.2015
Arkivsak: 2014/15627-32
Saksbehandlar: erliver

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Innfartsparkering - svar på oversendingsforslag 27.08.15

I møteprotokollen frå fylkesutvalet 27. august 2015 er det under Ymse teke inn følgjande:

«**Mona Røsvik Strømme** stilte slike spørsmål: Hvordan går det med fremdrift på innfartsparkering i samarbeid med Bergen kommune?

Fylkesdirektøren for samferdsel svarte at fylkeskommunen samarbeider med Bergen kommune om innfartsparkering. Det vil verte lagt fram notat om problemstillinga i neste møte.»

Fylkeskommunen har etablert samarbeid med Bergen kommune og Statens vegvesen gjennom Bergensprogrammet. Innfartsparkering er definert som eit kollektivtiltak, og fell såleis inn under tiltak gjennom Bergensprogrammet.

Som ein del av bybaneutbygginga/ Bergensprogrammet er p-huset i Birkelandsskiftet no under realisering.

Bergen kommune peikte i sin uttale til *Strategi for innfartsparkering i Bergensområdet fram mot 2030* på at utbygging av innfartsparkeringstilbodet i Åsane heng saman med Bybanen, og at det i lys av endra utbyggingsrekkefølgje også må arbeidast med mellombelse løysingar som kan styrke kapasiteten fram til Bybanen er etablert. Under handsaming av innfartsparkeringsstrategien 10. mars 2015 gjorde fylkestinget eit tilsvarande vedtak (PS 15/2015).

Det vert derfor arbeidd med utvida kapasitet i Åsane, der fylkeskommunen er i dialog med både private og offentlege aktørar. Konkret gjeld dette mogleg privat leige av innfartsparkering på kort sikt, og samarbeid med Bergen Tomteselskap om C-tomta på lengre sikt. Aktuelle spørsmål, mellom anna ny tilkomst til C-tomta, fysisk opparbeiding av arealet og finansiering, vert handtert gjennom Bergensprogrammet sine organ.

Framtidig utvikling av innfartsparkeringstilbodet i Bergen kommune må – i samråd med *Strategi for innfartsparkering i Bergensområdet fram mot 2030* – sjåast i samanheng med omlandskommunane til Bergen, og behovet for å etablere overordna innfartsparkering utanfor køstrekningane inn mot Bergen. Det vert i strategien peika på behovet for å sikre kortast mogleg bilreise, kombinert med lang kollektivreise.

Det er derfor førebels ikkje konkrete planar om nye, større anlegg i Bergen kommune ut over dei anlegg som vert planlagt som ein del av Bybanen (Åsane), og ei eventuell styrking av innfartsparkeringskapasiteten ved Storavatnet som ein del av Sotrasambandet.